

Ytring: Veggen til Jalta

✚ Det var i månadsskifte september-oktober, eg flaug med Aeroflot frå Gardermoen til Moskva og vidare til Simferopol på Krim. Ogso Josef Stalin kom til Simferopol, men det var på nyåret i 1945, og han kom med toget. - Josef Stalin, Stålmannen, eineherskaren over Sovjetunionen, han torde ikkje fljoge. Me skulde aka med buss og bil vidare til byen Jalta ved Svartehavskysten.

13.12.2018 kl 04:00

- **Arne Horge**

Det var sjølvsagt eg som laut aka buss, og på veg til bussen vart eg møtt av ei sur sno, men eg møtte ogso blide Svetlana som var ung og fager med langt ljost hår, og som med godt mæle tala mest lytefritt engelsk. Ho fortalde oss i bussen at fjellrekkja aust-vest synst på Krim med høgste nuten Roman Kosj 1545 moh. tek av for det som kjem av sur steppesno nordantil og gjer vêrlaget subtropisk på sørsida av fjelli, på bremmen av Krim ut i Svartehavet.

På landevegen låg bilane tett på kvarandre i stor fart, men det var lite tuting, og det vart teke umsyn til folk i fotgangarfelt. Svetlana peika ut for oss ei grend som såg noko ruskut ut. Her budde krimtatarar, sa ho. Under beinharde pårøyningar vart tatarfolket tvangsflutt austetter av Stalin i 1944, og so fekk dei koma heim att åt ingenting på 1990-talet. Dei laut byggje «ulovlege» grender utan straum, reint vatn og avlaup, men endeleg retta det seg no smått i senn for dette muslimske folket som språkleg høyrer heime millom tyrkiske språk. Sjå, sa Svetlana, me fór framum ein moské som tatarane hadde reist med noko offentleg hjelp attåt.

Khrustsjov

Etter at Stalin og fylgjet hans kom her i -45 hadde mange vegsvingar vorte retta ut.

Svetlana meinte at det hadde samanheng med at Khrustsjov i 60-åri sytte for ei trolleybussline frå Simferopol til Jalta som framleides er i full bruk, og som skal vera den lengste i heile verdi. Men elles såg både Stalin og eg dei same linone i åsane, dei same skogane og det same ljuset, og den same himmelen kvelvde seg over oss. Ein tidsfråstand på 70-80 år kraup i hop. Me ok over ein låg fjellovergang.

Sypressar vart vanleg. Dette høgreste djupgrøne smale nåletreet trivst best innåt folk, meinte eg å sjå, tett ved vegar og busetnad, og ikkje langt burti åsane. Og Stalin som hadde valdsbruk til eit fast styringsmedel tok som fleire fyre honom fælske av sitt eige vald og såg fyre seg løynmordarar på utrulege stader, ved dette høvet ein undansloppen tatar, sitjande inne i greinverket på ein sypress med rifla si. Stalin kravde alle sypressar hogne ned, og slik vart det. No er nye sypressar komne upp, men Svetlana kunde peike på fire-fem tre som på underfullt vis hadde overlevd at Stalin skulde fara åt Jalta. Her uppe var furuskogar med helsebot i lufti for sjuke lungor so som det ogso var helsebot i havlufti inn frå Svartehavet. I sovjettidi hadde det vore sovarplassar til leige på strendene, men det var ikkje kome i gang att enno.

Museum

Me køyrde framum eit trolleybusmuseum med ein gamal blankpussa trolleybuss attmed, og like eins eit kvitt høgtideleg vegkapell. So var me i Alusjta i det subtropiske Krim med 22-26 grader i sjøen heile den lange sumaren, eit blidt paradís utan den bibelske hoggormen, og med vide sirlege vinmarker. All slags landbruk fekk ein knekk av nyordningi

dei fyrste åri etter Sovjetunionen, fortalde Svjetlana, landbruk lønte seg ikkje. Frukthagar og vinmarker vart liggjande vanskjøtta. Det hadde teke seg noko att, men mykje grønsaker laut framleides hentast frå Tyrkia.

Livgjevande milde regnskurer frå havet stanga mot dei høge fjelli til høgre for meg. Det låge Bjødnafjellet strekte seg ut i havet med skodde på ryggen. I Jalta var det varmt solvær. Me hadde vore tvo og ein halv time etter vegen frå Simferopol, og me vart med Svetlana på byvandring. På den bilfrie Strandvegen hadde eg den innbjodande byen på eine kanten, og det blåe havet med badande menneskje på hin kanten. Mykje folk utan mas, berre hyggje, men eg korkje såg eller høyrde noko til vestlege ferdafylgje. For folket på Krim slær vestlege sanksjonar tungt inn i turistnæringi etter at dei valde å gå attende åt Russland i 2014.

Slott

Tett ved Jalta vitja me Livadia-slottet som synte seg fram ljust. lett og luftigt endå det var med 116 rom etter det Svetlana fortalde. I 1860-åri fekk tsar Aleksander 2. sett upp det fyrste sumarsslottet her og lokka ut straumen av rikfolk som fann hugnad i strendene på Krim, og etter kvart kom ei mengd med kurbadhotell (spa). Det noverande Livadia-slottet vart bygd til sumarstilhelde for den siste tsaren, Nikolaj 2. og stod ferdig i 1911. Um det var tsaren eller arkitekten som sytte for at troppene i kvendeluten hadde lågare troppesteg enn i karluten, det veit eg ikkje, eg likar berre å tru at medan tsarina Aleksandra hadde vore fremmeleg fem vendor hadde tsaren funne ut at høge troppesteg er strevsamt for ei barntung kvinne, men det kan ogso vera at det var for at ikkje kvinnfolk med lange kjolar skulde gå i koll i troppi.

Me kom til eit rom der tre karar var gjorde i stand og sessa kring eit vidt bord. Det var Jalta-dryftingane på Livadia-slottet 4. – 11. februar 1945. Josef Stalin var sjølv sagt på plass. So var me til slutt framme og råktest, Stalin og eg. I militær atteknept makthækne med luva på sat han tvert over for Winston Churchill innfeit og innful, og på andre sida Franklin D. Roosevelt menneskjeleg nedsøkt i sin eigen sjukdom. Han levde til i april. Steinhardt skamlaust sat Stalin og var vert, skulde vera, i rom der heile huslyden små og store vart skotne i hel av hans eigne folk!

Takk vera den ljoshærde vene Svetlana lærde eg mykje denne dagen. Ho hadde ikkje spara seg. Då me skildest vart eg vare at ho hadde ein liten kvit prikk i kvar munnvik etter all snakkingi.